



## Søknadsskjema

## Redusert foreldrebetaling SFO

## Føresett 1:

Namn	<input type="text"/>	Personnr.	<input type="text"/>
Gateadresse	<input type="text"/>	E-post	<input type="text"/>
Postnr./stad	<input type="text"/>	Mobil/tlf.	<input type="text"/>
Sivilstatus	<input type="checkbox"/> Gift / sambuar	<input type="checkbox"/> Anna	<small>(einsleg/skiilt/separert/sambuar utan felles barn)</small>

## Føresett 2 (ektefelle/sambuar med same adresse):

Namn	<input type="text"/>	Personnr.	<input type="text"/>
------	----------------------	-----------	----------------------

## Born med plass i SFO:

Namn	Personnr.	Pakkenr. (plass)
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

Skule	<input type="text"/>
-------	----------------------

## Skattepliktige kapital- og personinntekter til hushaldet:

	Føresett 1	Føresett 2	Sum hushaldet
Frå skattemeldinga Ikkje ført opp i skattemeldinga	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Samla skattepliktig kapital- og personinntekt i hushaldet	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

## Dokumentasjon

Skattemelding(ar) for 2022 er lagt ved: Ja  Nei Alternativ dokumentasjon er lagt ved: Ja  Nei Stad/dato: Stad/dato: Underskrift  
føresett 1: Underskrift  
føresett 2: 

Søknad med vedlegg skal sendast til:

Vindafjord kommune  
Rådhusplassen 1  
5580 Ølen



## Rettleiar til søknad om redusert foreldrebetaling i SFO

Ingen hushald skal betale meir enn seks prosent av si skattbare inntekta for ein plass i SFO for 1. til 4. trinn. Ordninga gjeld berre etter skriftleg søknad til kommunen.

### Vilkår

- For 2023-2024 gjeld ordninga for hushald med ei samla inntekt som er lågare enn kr 491 667 pr. år i Vindafjord kommune. Inntekta må dokumenterast.
- Barnet/barna må ha stadfesta plass i SFO (1.-4. trinn), og hushaldet må ha ei faktisk utgift til SFO.
- Ordninga gjeld per barn per år for eit skuleår om gangen.
- Foreldre/føresett(e) må søkje om dette for kvart år det er aktuelt.
- Foreldre/føresett(e) som søkjar må bu på same folkeregistrerte adresse som barnet.

### Søknadsprosessen

Du/de som søkjar, må bo på same folkeregisteradresse som barnet. Du må søkje kommunen skriftleg ved å ved å fylle ut og signere fastsett søknadsskjema for «Redusert foreldrebetaling SFO». Søknaden gjeld for eitt skuleår av gangen.

Foreldrebetaling vert rekna ut frå den samla skattepliktige kapital- og personinntekta til hushaldet.

- Eit hushald er ektefeller, registrerte partnarar eller sambuarar
- Som sambuarar vert rekna to ugifte personar over 18 år som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadene, eller har felles barn.

Du må fylle ut inntekta til hushaldet i søknaden og legge ved dokumentasjon på denne.

Dokumentasjonskravet er siste års skattemelding(ar). Dersom ikkje alt er registrert på skattemeldinga av skattepliktig person- eller kapitalinntekt, må du opplyse om og dokumentere dette i søknaden. Det same gjeld viss du ikkje kan legge fram skattemelding (sjølvmelding), til dømes på grunn av kort bu-tid i landet eller den ikkje er klar, kan du leggje fram anna dokumentasjon på inntekt. Døme på slik dokumentasjon:

- Dei tre siste lønsslippene frå arbeidsgjever. Dei må vise endring i årslønn i forhold til skattemeldinga.
- Vedtak/skriv frå NAV om sosialstønad/pensjonar/trygd
- Vedtak om gyldig opphald.
- Studentbevis eller stadfesting på studiar.

Ordinær søknadsfrist for 2023/2024 er 1. august. Viss du søker etter 1. august, gjeld vedtaket frå første heile månad etter søknadstidspunktet. Dersom rekninga allereie er motteken, skal du betale denne sjølv om prisreduksjon er gitt. Prisreduksjon vert trekt frå på neste faktura.

Du må sende søknaden med vedlegg til:

Vindafjord kommune  
Rådhusplassen 1  
5580 Ølen.

Sakshandsamingstida er normalt inntil tre veker. Sendar du søknad utan tilstrekkeleg dokumentasjon, blir den ikkje handsama. Du vil da få informasjon om dette på oppgitt e-post-adresse eller per telefon.

### Om vedtaket

Kommunen gjere eit enkeltvedtak når me godkjenner eller avslår ein søknad om redusert foreldrebetaling. Eit enkeltvedtak følgjer reglene i forvaltningslova og slår fast søkjaren sine rettar og pliktar. Får du avslag på søknaden, kan du klage innan ein frist på tre veker frå du tok imot vedtaket. I klagen skal du oppgi kva du ynskjer å få endra og grunngje dette. Får du ikkje medhald i klagen, går den vidare til klagenemnda i kommunen.

Vedtak om redusert betaling blir gitt frå månaden etter søknadsmånaden og ut skuleåret. Føresette som har behov for reduksjon, må derfor sende inn søknad for kvart skuleår med ny dokumentasjon for inntekt.



**Søskenmoderasjon**

Du treng ikkje søkje om søskenmoderasjon, den blir berekna automatisk. Dersom hushaldet har fleire barn i SFO, har dei krav på søskenmoderasjon. For barn nummer to er prisreduksjonen 30% av det som vert betalt for det første barnet. For det tredje barnet og oppover er prisreduksjonen 50% av det dei betaler for første barn. Viss du har redusert foreldrebetaling vert søskenmoderasjon rekna ut i frå den reduserte prisen.

**Gratis kjernetid**

Du treng ikkje søka om gratis kjernetid gratis kjernetid for 1. og 2. klassingar, dette vil komme til fråtrekk automatisk. Gratis kjernetid er pakke 7, eller fråtrekk på faktura tilsvarande 12 timar SFO i veka (1500 kroner per august 2023).